



Styre/råd/utval	Møtedato	Saknr
Utval for plan teknikk og næring	19.08.2025	49/25

Saksansvarleg: Liliana Petronela
Ramsing

Arkiv: PLANID-202501,
PLANNAVN-Kommuneplanens
arealdel 2025-2035, PLANTYPE-
20, FE-140

Arkivsaknr.: 25/9679

Planprogram for kommuneplanens arealdel

Kommunedirektøren si innstilling:

Forslaget til planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel 2025-2035 legges ut på høyring og offentlig ettersyn i 6 veker, jf. plan- og bygningslovens § 11-13.

19.08.2025 Utval for plan teknikk og næring

Behandling:

Kommunedirektørens forslag ble enstemmig vedtatt, med en endring av *rullering* til *revidering*.

PTN- 49/25Vedtak:

Forslaget til planprogram for revidering av kommuneplanen sin arealdel 2025-2035 legges ut på høyring og offentlig ettersyn i 6 veker, jf. plan- og bygningslovens § 11-13.

Samandrag

Saka markerer starten på rulleringa av kommuneplanen sin arealdel og presenterer hovudtemaene i forslaget til planprogram.

Kommunedelplanen for Lifjell takast inn som ein del av kommuneplanen sin arealdel 2025-2035.

Bakgrunn for saka:

Kommuneplanen sin arealdel skal rullerast for perioden 2025-2035. Som ein del av dette arbeidet vert det lagt fram forslag til planprogram. Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, kva mål og problemstillingar som skal belysast, planprosessen, opplegget for medverknad og behovet for utgreiingar.

I denne rulleringa vert særleg to tema prioriterte:

1. Tilrettelegging for næringsareal.
2. Areal for energiproduksjon (fornybar energiproduksjon/ grøn kraftproduksjon).

Gjeldande føresegner skal gåast gjennom og tilpassast der det er nødvendig.

Føremålet med planarbeidet:

Føremålet er å leggje til rette for ei heilskapleg og bærekraftig utvikling av Midt-Telemark kommune, der det vert særleg lagt vekt på god tilgang til næringsareal for etablering og utvikling av verksemder med industriformål som underkategori.

Føremålet er også å identifisere eigna areal for fornybar energiproduksjon (grøn kraftproduksjon) med særleg fokus på solkraft.

Begge temaene skal utgreiast og innarbeidast i planforslaget til ny kommuneplanens arealdel (KPA).

Desse skal vurderast som sentrale for den vidare utviklinga av Midt-Telemark kommunen med omsyn til bærekraftig vekst, verdiskaping og oppfølging av nasjonale og regionale føringar.

Prioriterte tema:

1. Næringsareal:

Det trengst å vurderer eksisterande næringsområder sin kapasitet og om dei er eigna, og dessutan å avklara potensialet for nye areal.

Kommuneplanen sin arealdel (KPA) skal sikra nok attraktive næringsareal for å dekkja behovet i ein tiårsperiode, og dessutan å leggja til rette for større næringsetableringar.

Planprogrammet legg opp til vurdering av:

- Transportavstandar med omsyn til klima - lokalisering nær infrastruktur og knutepunkt.
- Moglegheit for sambruk med andre funksjonar.
- Økonomisk og praktisk gjennomførbarheit.

2. Areal for energiproduksjon:

Midt-Telemark kommune har som mål å vere ein aktiv aktør i det grønne skiftet. Kommuneplanen sin arealdel (KPA) skal identifisere areal eigna for solenergiproduksjon og andre typar fornybar energiproduksjon. Mellom anna skal det også fastsetjast føresegner for solcelleanlegg i gråareal, LNF-areal, og dessutan på bygningstak.

Planprogrammet legg til rette for:

- Kartlegging av areal med potensial for sol-, vind- og bioenergi.
- Areal for energiproduksjon frå sol, bioenergi, vind- og vasskraft skal identifiserast, vurderast og regulerast gjennom arealbrukskategoriar og/eller føresegner.
- Vurdering av konsekvensar for naturmangfald, landskap og naboar.
- Avklaring av behov for plan knytta til større energianlegg som solkraftverk, vindkraftverk og biogassanlegg.

Medvirking og prosess:

Forslaget til planprogram vert sendt på høyring og laggast ut offentlge ettersyn for å sikra brei medverknad frå innbyggjarar samt nasjonale og regionale myndigheiter med ein frist på minst 6 veker.

Det vil bli halde opne møter og innspelsrundar med grunneigarar, bedrifter, organisasjonar og innbyggjarar i den vidare planprosessen. Innspel til planprogrammet vil bli vurderte, og

planprogrammet justerast før kommunestyret fastsett endeleg planprogram. Det endelege planprogrammet vert vedteke av kommunestyret og vil danna grunnlaget for det vidare planarbeidet.

Forslag til vidare framdrift:

August/September 2025	Vedtak om høyring av planprogram.
Oktober/November 2025	Høringsperiode.
Desember 2025	Handsaming og endelig vedtak av planprogram.
Vår 2026	Utarbeiding av planforslag for rullering av KPA 2025-2035.

Vedlegg:

11.08.2025	Planprogram_KPA_2025-2035	1738671
------------	---------------------------	---------

Parter:

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
Telemark Fylkeskommune
Statens vegvesen, region sør
Telemark Energi AS
Representant for barn og unge
NVE Region sør
Råd for funksjonshemma v/Urban Eriksen
Eldrerådet v/Urban Eriksen
Nome og Midt-Telemark brann og redningstjeneste